

Til naboar

12.09.2023

Bjørnavegen- utviding av veg

Sak 21/9048

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os

Org.nr. 879 951 542
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord

Org.nr. 917 495 637
Torgbakken 9
PB. 667, 5404 Stord
Tlf: 53 40 37 80


Vedlagt følger nabovarsling av utvida veg, Bjørnavegen, på totalt 150 meter.

10.11.2021 mottok de som naboar eit nabovarsel på søknad om dispensasjon frå oppføring av 50 meter veg og fortau per einebustad innanfor reguleringsplan for Bjørnevik.

Til nabovarselet i 2021 kom det inn merknader frå naboar, men Plan og Bygningsutvalet godkjente i møte den 6.4.2022 søknad om dispensasjon frå pbl. § 18-1, krav om opparbeiding av veg og fortau langs Bjørnavegen på følgjande vilkår: *Søklar bidreg med ytterlegare opparbeiding av 75 meter veg og fortau langs Bjørnavegen i tråd med reguleringsplan. Plasseringa skal avklarast med samferdselsavdelinga i kommunen før søknad etter pbl §20-1.*

I brev datert 13.05.2022 klaga Statsforvaltaren på vedtaket til Planutvalet. Statsforvaltaren viser til at 75 m ikkje er tilstrekkeleg, men seier samstundes at full opparbeiding vil vere svært byrdefullt.

Løysinga som no blir føreslått er godkjent av byggjesak og samferdsleavdelinga i Bjørnafjorden kommune. Den viser utviding av veg på totalt 150 meter, sjå vedlegg, og er ei forlenging av allereie godkjent løysing for dei første 50 metrane. Utvidinga går over bakketoppen ved avkøyrse til høgdebassenget og fram til avkøyrse ved Bjørnavegen 117.



Figur 1. Føreslått løysing som er avklart med samferdsleavdelinga og byggjesak. Stipla linje viser gangareal.

Opparbeiding:

Bjørnavegen har i dag varierende breidde og er om lag 3,5 meter på det smalaste. Det er gjort ei utviding av vegen på ei strekning på 50 meter. Breidda for dette stykket er no totalt 5,6 meter.



Figur 2 og 2 Utsnitt frå Google Street View og skisse. Dei første 50 metrane er allereie opparbeidd med ei breidde på 5,6 meter. Stipla line syner gangareal.

I skisse for ny løysing har ein tatt utgangspunkt i allereie opparbeidd utviding. For dei fyrste 70 metrane har vegen ei totalbreidd på 5,6 meter. Dei neste 80 metrane har ein i hovudsak lagt utvidinga på vestsida av vegen og halde på eksisterande vegkant på austsida. På dette strekket har ein lagt inn forslag om ein totalbreidd på 6 meter.



Figur 3 og 4: Utsnitt frå Google Street View sett mot nordvest, og utsnitt frå skisse.


På bakketoppen ligg det ein skålgropstein frå bronsealder som er automatisk freda. For å unngå å kome i konflikt med steinen er vegen difor justert mot nord før ein kjem til bakketoppen.



Figur 5 og 6: Utsnitt frå Google Street View og skisse. Skålgropsteinen er markert med raud ring.

Tverrprofil:

1.5 meter av totalbreidda er tenkt til gangareal, køyrebanen vil då variere mellom 4,1 og 4,5 meter bredde. Grøfta vert tilpassa eksisterande forhold.



Figur 7: Utsnitt frå skissa som viser typisk tverrprofil.

Tiltakshavar er Os Hus AS

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:

Unni Sjursen

Tlf: 900 29 764

e-post: unni@abo-ark.no

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur AS

Unni M. S. Sjursen

Vedlegg:

- Kart over utviding av Bjørnavegen
- Dispensasjonssøknad